

HOLMEDAL MONTESSORISKULE

6982 HOLMEDAL

Vi avsluttar saka etter å ha mottatt utgreiing om korleis de sikrar at krava til politiattest er oppfylt – Holmedal montessoriskule

Vi viser til vårt brev av 29. mai 2026 der de vart pålagde å gjere greie for korleis de sikrar at krava til politiattest er oppfylt, jf. privatskolelova §§ 4-3 og 5-2a, jf. privatskoleforskrifta kapittel 10. Formålet var å kunne vurdere risikoen for brot på regelverket.

Kravet til politiattest

De skal krevje politiattest frå alle som skal tilsetjast fast eller mellombels, jf. privatskolelova § 4-3 første ledd. Kravet omfattar innleigde vikarar i bemanningsbyrå. Det er skolen som skal krevje politiattesten, og det er vikaren sjølv som skal innhente attesten.

Det må gå fram av utlysingsteksten at søkjarar må leggje fram politiattest før dei tilsetjast, jf. privatskoleforskrifta § 10-1. De kan berre krevje politiattest av den som får tilbod om stillinga. I tilbodet skal det takast atterhald om at merknadar på politiattesten kan føre til at tilbodet blir endra. Politiattesten skal liggje føre før søkjaren blir tilsett.

De skal kontrollere at politiattesten ikkje er eldre enn tre månader når han blir levert, jf. privatskoleforskrifta § 10-2.

De kan ikkje tilsetje personar som legg fram politiattest med dom eller vedtatt førelegg for seksuelle overgrep mot mindreårige, jf. privatskolelova § 4-3 femte ledd, jf. privatskoleforskrifta § 10-4.

Styret er øvste ansvarleg og må sikre at skolen oppfyller krava til politiattest, jf. privatskolelova § 5-2a.

Vår vurdering

De har sendt inn utgreiing og dokumentasjon 15. juni 2026. De viser til rutinen dykkar for innhenting av politiattest, som de reviderte 8. april 2026.

Rutinen slår fast kven som er ansvarleg for å krevje politiattest frå alle faste og mellombelse tilsette, inkludert dagleg leiar og tilkallingsvikarar. De har ikkje gjort greie for kven som krev politiattest av vikarar frå bemanningsbyrå. Vi legg til grunn at ansvars- og oppgåvefordelinga de har skildra for faste og mellombelse tilsette gjeld tilsvarande for vikarar frå bemanningsbyrå.

De opplyser i utlysingsteksta om at søkjaren må leggje frem politiattest før dei kan bli tilsett. I rutinen står det at de tar atterhald i tilbodet om at merknadar på politiattesten kan føre til at tilbodet blir endra. Dei skriftlege tilboda de har sendt oss kopiar av inneheld ikkje dette atterhaldet. Det er likevel ikkje eit krav om at atterhaldet må gå fram skriftleg, slik at de kan ha formidla atterhaldet munnleg. Vi legg til grunn at de vil inkludera atterhaldet i tilboda om stilling framover i tråd med rutinen.

De skildrar korleis de kontrollerer at politiattesten ikkje er eldre enn tre månader og at han ikkje inneheld merknadar som gir yrkesforbod. Dokumentasjonen viser at de innhentar politiattest, og at de dokumenterer at de har motteke politiattesten. Etter regelverket og rutinen dykkar skal de henta inn politiattesten før tilsetjing, men utgreiinga og dokumentasjonen viser at de i to tilfelle henta inn

politiattestar seinare enn dette. De innhenta likevel politiattestane før dei hadde sin første arbeidsdag med elevar. Vi legg til grunn at de framover vil henta inn politiattestar før tilsetjing, i tråd med rutinen.

Etter å ha vurdert opplysningane, er vår vurdering at de vil oppfylle krava framover. Vi avsluttar derfor undersøkinga med dette brevet.

Vennleg helsing

Kristin Løseth
seniorrådgiver

Daniel Fitjar Croles
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent.